

---

**Til:** Hordaland fagskulestyre

---

**Frå:** Fylkesdirektør opplæring

---

**Referanse**  
2014/2-7**Dato**  
02.01.2014

## Brev til fagskulestyret om nedlegging av heiltidstilbodet ved studiestaden Voss

Studiestaden ved Voss, under Bergen tekniske fagskole, har forfatta eit brev til fagskulestyret om nedlegging av heiltidstilbodet innan anlegg. Det vart vedtatt i styremøte 19.11.2013 at det ikkje vert oppretta anlegg heiltid ved studiestaden Voss hausten 2014. Bakgrunnen for vedtaket er små klassar ved studiestaden, og eit ønske om å få større og meir robuste klassar ved å berre oppretta nett-tilbod innan anlegg. Nett-tilbodet har til no vore eit samarbeid mellom Bergen tekniske fagskole og Voss der studentane har gått eitt og eit halvt år på Bergen tekniske, og eitt og eit halvt år ved tidlegare Voss tekniske fagskule. I vedtaket av 19. november står det at studiestaden Voss no vil få heile løpet for nett-tilbodet innan anlegg på Voss. Dette gjer at det vert meir forståeleg for søkjarar kor det er dei faktisk søker skuleplass, og ein ser føre seg at det vert lågare fråfall når studentane tar eit heilt studieløp ved same studiestad.

Av brevet kan ein lesa at studiestaden Voss ikkje er nøgd med avgjerda, og ønskjer at styret skal handsama saka på nytt. Administrasjonen legg til grunn at det er svært knappe rammer for Fagskolane i Hordaland og det omfanget av studentar ein etter kvart har fått. Det er også eit uttalt mål at ein ønskjer å stimulera til større klassar ved Fagskulane i Hordaland, og at ein ikkje kan oppretta tilbod med få studentar. Tabellen under syner offisielle studenttal ved studiestaden Voss frå 2011 til 2013.

Tilbod ved Voss	2011	2012		2013	
	Haust	Vår	Haust	Vår	Haust
	Studentar	Studentar	Studentar	Studentar	Studentar
Anlegg (H)	21*	20*	31*	28*	25*
Anlegg (N)			10	17*	7
<b>Sum</b>	<b>21</b>	<b>20</b>	<b>41</b>	<b>45</b>	<b>32</b>

\*Fordelt over to årskull.